


Nr. 1-2015, årgang 50.

# KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg og Fjågesund og Kilen sokn.



Side 4: Les om Liv Wendel som reiser til Nepal.  
Side 10: No er Barnas kapell klar.

# Kyrkjetrappa

Kyrkjekontoret i Kviteseid  
Tlf. 35 06 81 31 – Faks. 35 06 81 28  
Adresse: Statens Hus, 3850 Kviteseid



Olav Nordskog  
Kyrkjevevje  
Kontor tlf. 35 06 81 31  
kyrkjevevje.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Torstein Eidem Nordal  
Sokneprest i Kviteseid og  
Brunkeberg  
Kontor tlf. 35 06 31 32  
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Hallvard Nordbø Jørgensen  
Sokneprest i Vrådal, Fjågesund  
og Kilen  
Kontor tlf. 35 06 81 29  
Mobil tlf. 95 92 29 84  
sokneprest.vrødal@kyrkjetrappa.no



Dagfinn Køhn  
Organist  
Kontor tlf. 35 06 81 48  
kantor.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Håkon Heggtveit  
Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar  
Mobil tlf. 91 18 37 50



Jan Haugen  
Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar  
Mobil tlf. 91 12 02 48  
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Svanhild Fidjeland  
Kyrkjelydssekretær  
Mobil tlf. 40 90 02 89  
post@kyrkjetrappa.no



Eilev Erikstein  
Prostidiakon, 3880 Dalen  
Mobil tlf. 91 11 35 80

## Om bladet

Ansvarleg redaktør:  
Hallvard N. Jørgensen

Redaksjon: Hallvard N. Jørgensen,  
Torstein Eidem Nordal, Svanhild  
Fidjeland, Hadle Hovda, Olav Mosdøl,  
Niklas Karlsen.

Framsidedfoto: Jan Sørkås  
Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit og  
Niklas Karlsen

Utforming: Niklas Karlsen  
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS

Bankgiro:  
Kyrkjeblad for Kviteseid,  
3850 Kviteseid  
Kontonr. 2660 10 30615



post@kyrkjetrappa.no



@kyrkjelyd



#kyrkjeliv



/kyrkjetrappa

D/F# Em7 A7 D sus4 D  
 Kom Fa-der vår, ver mor-go-nen sitt au - ga  
 D/C# Hm7 G Em7 A sus4 A/G  
 som fal - dar ljo - set ut til ein bu - kett.  
 D/F# G Em7 A sus4 A D  
 Se - kund stig opp or nat - tas skjø - re va - se  
 D/C G/H G A sus4 A7 D sus4 D  
 og ris - lar stilt frå him - lens blå pa - lett.

## Kom Fader Vår

2 Me bryt eit brød  
 i lyse morgonstunder  
 når Herren opnar stilt sitt fargeskrin.  
 Vårt brød på bordet skaper fryd og glede  
 og gjev ei kraft til heile dagen min.

3 Me dukar bord  
 for alle kjære vener  
 når me skal plante fellesskapets blom.  
 Den gylne drikk av Andens søte druer  
 gjer smaken til ein song i hjarterom.

4 Du livsens ord  
 er brødet som me deler  
 på denne vandring under jordlivs kår.  
 Takk Herre Krist for omsorg og den føde  
 som nærer tru igjennom alle år.

Melodi: Bjarne Stølen  
 Tekst: Olav Mosdøl



# Ein ny Nepal-misjonær

Liv Wendel voks opp på Filippinane og i Nepal. Der jobba foreldra i mange år som bibelomsetjarar for Wycliffe. Kviteseid blei heimbygda då familien hennar flytta til Noreg i 1989. Første søndag i januar 2015 vart Liv innvigd til misjonær i Kviteseid kyrkje. Etter messa var det festsamvær med 100 frammøtte på Misjonshuset. Kyrkjebladet fekk eit lite intervju med Liv Wendel før ho drog til Nepal.

Liv er ei stillfarande og sympatisk jordmor. Ho fortel at etter vidaregåande på Kvitsund Gymnas utdanna ho seg som sjukepleiar i Kristiansand. Seinare blei det jordmor-utdanning. Dei siste åra har ho jobba på fødeavdelinga ved Sørlandet sjukehus.

Liv seier: - Heilt sidan eg var liten har eg tenkt at eg ville ut i verda. Eg har hatt eit ønskje om å bidra og jobbe for dei som er fattige og undertrykte. Eg føler denne oppgåva som ein arv og eit kall. For litt over eit år sidan fekk eg førespurnad frå Normisjon om engasjement i Nepal. Det var liksom ei dør opna seg til noko nytt, som eg hadde drøymt om lenge.

*Kven står bak som sende-organisasjon?*  
Eg har sagt «ja» til eit oppdrag frå Normisjon fordi eg trur Gud har gjeve meg denne sjansen. Det er eit veldig spennande prosjekt å bli ein del av, og

eg har stor tillit til medarbeidarane. Normisjon er altså sende-organisasjon, og United Mission to Nepal (UMN) er organisasjonen eg skal jobbe saman med. UMN har vore i arbeid i Nepal i 60 år og har lang erfaring med trusbasert bistand. United Mission vil tene folket i Nepal, spesielt dei som lever i naud og fattigdom. Ein ønskjer å kjempe for fred og rettferd for alle, ved å gjere Jesus kjent gjennom liv og ord.

*Kvar i Nepal skal du arbeide, og kven skal få hjelp?*

Eg skal dels vere i hovudstaden Kathmandu (ca. 1300 m.o.h) og dels i Bajhang, som er eit distrikt lengst vest i Nepal. Eg satsar på ein femårsperiode, og mitt prosjekt går ut på byggje opp eit haldningsarbeid som skaper betre forhold for jenter og kvinner i området. Det er mykje alkoholmisbruk og vold mot kvinner, og arbeidet skal gjerast gjennom to lokale kvinneorganisasjonar. Dei skal følgje opp i kvar sine landsby-distrikt og prøve å skape endringar i uheldige tradisjonar. Prosjektet har vakse fram av lokale ønskje frå mange kvinner. Det er også eit prosjektmål å få gode røynsler, som kan nyttast andre stader i landet.

*Eit ønskje til slutt?*

Eg vil setje veldig stor pris på om mange i Kviteseid vil hugse på meg og Nepal-arbeidet i bøn. Det er sensitive og særmerkte forhold vi skal jobbe

med. Eit samfunn vil ikkje kunne bli fritt og velfungerande dersom halve befolkninga lever som underprivilegerte og annanrangs borgarar. Utgangspunktet for fridoms- og verdigheitstenesta for kvinner er at alle er skapt i Guds bilete. Alle har ein uendeleg stor verdi, uansett om vi er jente eller gut, mann eller kvinne, rik eller fattig. Om vi bur i Noreg eller Nepal.

Olav Mosdøl

### Gåver til kyrkjebladet

2014: Gunn-Åse Kolbu Opheim 200,-; Else Ibrekk 200,-; Gerd Signe Bakken 300,-; Ingrid og Hans Kilen 300,-; Kristine Aabø 300,-; Brit og Jon Ingebretsen 200,-; Ingrid Tveit 100,-; NN 200,-; Signe Waldenstrøm 500,-; Finn Jacobsen 100,-; Gunbjørg Fundli 100,-; Gudrun H. Sanden 200,-; Oddmund Sandland 250,-; Gunnvor Mandt 300,-; Olav Fjalestad 200,-; Marit Nordskog Kalteis 100,- 2015: Gunn Åse Vesterdal Moen 200,-; Gunbjørg Fundli 100,-



### GODHETSVEKA 2015

Biskopen har gjort 2015 til Diakoniens år i Agder- og Telemark bispedømme. Dette er i tråd med den nye visjonen til Den norske kyrkja, "Meir himmel på jorda". 3. – 10.mai vil Kviteseid sokneråd, saman med Fredheim og Betel, gjere dette i praksis ved å arrangere Godhetsveka 2015. Dette er ei landsomfattande rørsle, arrangert fyrste gong av IMI-kyrkja i Stavanger i august 2006. Dei fortel:

*"Mandag til fredag i ei uke, fra klokka 17-21, ble satt av til å hjelpe mennesker med alt i fra husmaling til bilvask, helt uten agenda, utelukkende for å vise godhet. (...) Vi har en drøm om at Norge skal omtales som et land hvor godhet er synlig og tilgjengelig for alle mennesker. Rett og slett ved at landets borgere våger å gjøre de små rause gjerningene overfor andre og hverandre."*

## Kyrkja sitt oppdrag

Som kyrkja i Kviteseid er vi kalla til å vere lik Jesus Kristus.

Apostelgjerningane fortel at "Jesus frå Nasaret vart salva av Gud med Den heilage ande og kraft, og at han gjekk omkring og gjorde vel". Men den kjærleiken og det gode Jesus viste var ikkje berre tenkt som et kjenneteikn på læresveinane eller den fyrste kyrkja – det er kjenneteikne på heile kyrkja, også i dag.

Me vil arrangere Godhetsveka 2015 fordi

- me vil hjelpe andre
- me vil gje menneskje moglegheiter til å vere gode mot kvarandre
- me vil gjere noko saman på tvers av kyrkjehusa slik at vi kan bli betre kjent
- me vil forkynne i gjerning, ikkje ord
- me trur at det gjer noko bra med oss

Sundag 10.mai avsluttar me Godhetsveka med ein fellesgudsteneste på Kviteseid brygge kl.11. Preiketeksta for denne dagen er: "Alt de vil at andre skal gjera mot dykk, skal de òg gjera mot dei." (Matt 7). Her vil det vere mogleg å høyre historier frå dei som har teke imot tenester og frå dei som har vore med å tenestegjort. Og sjølv sagt skal me takke for innsatsen som er lagt ned i løpet av veka.

## Vil du vere med?

Det er ikkje slik at me ynskjer å filtrere alle gode gjerningar til berre denne eine veka i mai. Men det er ein ærleg

sak at det kan vere vanskeleg å tilby seg å hjelpe – og det kan vere vanskeleg å ta imot hjelp. Dessutan har me alle og ein kvar nok å gjere i det daglege, det kan vere vanskeleg å finne tid og energi, ikkje berre å hjelpe, men og å gjere dei praktiske oppgåvene sjølv.

Men når me drar i flokk kan me få til store ting, og no vil kyrkjehusa sette av fyrste veka i mai til å gjere godt i nabolaget og i grendene. Erfaring som andre kan fortelje om, er at ei slik veke ikkje berre gjer godt for dei som får hjelp, men det vil gjere noko med oss som hjelper.

Bruk moglegheita, og ver med på dette! Finn fram spade, hakke og rive, motorsag og plenklippar, hammar og sag. Ta med deg skurefilla og bømte, gummihanskar og feiebrett. Er det eit gjerde du skulle fått sett opp? Skulle garasjen vore måla? Har du eit kjøkken som må vaskast eller ein frys som må tømast? Skal nokon bry seg må nokon vere til bry.

Me er svært interessert i å høyre frå deg, om du har eit prosjekt du treng hjelp til, eller om du vil skrive deg opp som medhjelpar. Ta kontakt med underteikna, eller send ein e-post til [godhetsveka@kyrkjetrappa.no](mailto:godhetsveka@kyrkjetrappa.no). Sjekk også ut Godhet Kviteseid på Facebook!

Torstein Eidem Nordal

# Kyrkjevalet 2015

Hausten 2014 vart det halde kyrkjelydsmøte i alle soknekyrkjene i Kviteseid, der me drøfta framlegget om å slå saman alle fire sokna til eitt sokn, og slik redusere talet på sokneråd til eitt. Prosessen fekk solid ryggdekning i kyrkjelydsmøta. Agder- og Telemark bispedømmeråd vedtok før jul på bakgrunn av det som hadde vorte drøfta i kyrkjelydsmøta, at frå og med 1.januar 2016 er det kun eitt sokn i Kviteseid kommune.

Heilt konkret vil du merke dette ved årets kyrkjeval, då det skal veljast eit felles sokneråd for alle grendene i Kviteseid kommune. Valreglane kyrkja er plikta å fylgje gjer at me ikkje kan garantere at alle tidlegare sokn vert representera i det nye soknerådet, men nominasjonskomiteen vil gjere alt dei kan for å etterstrebe dette. Resultatet avhenger av di deltaking. I nominasjonskomiteen sit Karin Maria Larsen, Synnøve Andersen, Hans Kristian Aabø, Hallvard Jørgensen og Torstein Nordal.


Mange har djupe kjensler knytt til si lokale kyrkje, og samstundes er det fort gjort å samanlikne sentraliseringa av soknestrutturen med nedlegging av grendeskular eller nærbutikk. Sjølv om eg har stor respekt for silke kjensler, vil eg framheve eit anna perspektiv, nemleg at kyrkja er der kyrkjemedlemmene er; kyrkja er fyrst

og fremst alle de døypte som bur i grendene. Eitt råd eller ei ny grense forandrar ikkje på dette. Framleis har me seks flotte kyrkjehus å halde gudsteneste i, og etter valet vil me få fire kyrkjelydsutval som kan gjere dei konkrete oppgåvene omkring pynting, servering osv. til kvar gudsteneste. Soknerådet skal "styrke og nære det kristne livet i soknet", og slik ta for seg planarbeid, strategi, økonomi og vegval for kyrkjelivet i heile Kviteseid.

Me vil byggje kyrkjelyden, ikkje legge ho ned. Skal me ha ei open og levande folkekyrkje i grendene også i framtida, er det naudsynt at folk er viljug til å stille til soknerådlista og kyrkjelydsutvala. Då er det avgjerande at du nyttar røysteretten din. Dette er ikkje tida for å resignere, snarare tvert om! Den einaste måten å få alle gamle sokna representera i det nye soknerådet, er å røyste. Ved kyrkjevalet 2011 var valdeltakinga til soknerådsvalet i Kviteseid 22 %. Eg trur det vert høgare i år.

Om du ynskjer å stå på lista eller tilråde nokon, send mail til [val@kyrkjetrappa.no](mailto:val@kyrkjetrappa.no).

Torstein Eidem Nordal



## STØRST AV ALT

TROSOPPLÆRING I DEN NORSKE KIRKE

Endeleg er me i gang med trusopp-læringa i alle sokna i Kviteseid. Ikkje berre har Stine Beate Mundal Ljostad frå Åmot byrja som trusopp-læringskoordinator i Vest-Telemark, me har òg fått på beina eit eige trusopp-læringsråd. Desse er: Gudrun Venås Nordbø (Vrådal), Tone Martinsen Heggveit (Åsgrend), Inge Håvard Jore, Vidar Syrtveit Mikalsen og Elise Wraa (Kviteseid).

Den norske kyrkja si trusopp-lærings-reform har som føremål å medverke til ei systematisk og samanhangande trusopp-læring for alle døypte mellom 0 – 18 år. Trusopp-læringa skal vekkje og styrke den kristne trua; gi kjennskap til den treeinige Gud; medverke til kristen livstolking og livsmeistring; og utfordre til engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv, uavhengig av funksjonsevne.

Trusopp-læringsrådet vil på vegne av soknerådet og i samarbeid med Stine Beate utarbeide ein trusopp-lærings-

plan for dette viktige arbeidet i Kviteseid. Planen skal mellom anna orientere om grunnlag og særpreg for dei tiltaka som kyrkjelyden byggjer den systematiske og samanhengande trusopp-læringa på, og den skal omtale mål, innhald, arbeidsformer og organisering. Halvvegs ut i 2016 skal planen verta godkjend av biskopen.

Trusopp-læringsrådet vil at borna skal verta kjende med kyrkja si, og kjend med kultur og tradisjon knytt til dei kristne høgtidene. Me vil ha ei lokal forankring til det typiske i grendene i Kviteseid, og gjerne samarbeide med andre lag og organisasjonar i kommunen vår. Denne våren vil me planlegge tiltak for hausten, men det er usikkert kor mange aldersgrupper me klarer å lage opplegg for. Men ein ting er sikkert: tiltaka for våre born skal gje dei stjerner i auga!



Namna på bilete er som følger frå v. Andrea Grutle, Malin Ovastrøm Andresen, Vegard Hauglid, Natanael Nordal, Torstein Nordal og Ingar Hovda.

## Barnas kapell – Eit rom for Guds born i alle aldrar

18.januar vart dåpssakristiet i Kviteseid kyrkje innvia som søndagsskulerom. Prosesjonskross og ljøs frå altaret vart boren inn i sakristiet. Her vart det lese frå siste kapittel i Bibelen, Johannes Openberrig 22, "Engelen synt meg ei elv med livsens vatn (...)Den som tørstar, skal koma, og den som vil, skal få livsens vatn som gåve".

Ja, dette er tanken bak Barnas kapell: at dei som vil skal få koma, og at det som skjer i rommet skal verta ei kjelde for barna våre; ein stad der dei kan stille spørsmål, finne tru og fellesskap, leike og leve.

Det har lenge vore eit ønske om å få på plass søndagsskule i samband med gudstenestene i Kviteseid kyrkje. I haust kom ideen om å pusse opp

dåpssakristiet til eit permanent opphaldsrom for born under gudstenesta. Møbelsnikkar Audun Hauglid, målar Tom Nyland og elektrikar Aslak Midtbøen har med kvart sitt handverk vore med å gjort rommet både vakkert, praktisk og funksjonelt. Langs borgeveggen er det sett opp eit amfi med plass til 25 born, og det er laga til lagringsplass under. Slik meiner me å ha lukkast med ideen, fordi dåpssakristiet no har teke vare på den praktiske funksjonen, samtidig som det har fått ei sakral djupne.

No er me godt i gang med å planlegge korleis me vil byggje opp sundagsskuletilbodet i rommet, og korleis me kan kople dette til sjølve gudstenestefeiringa. Ein kan sjå for seg at borna vil ha ein felles utgang til sakristiet etter Kyrie og Gloria, t.d. ved at dei samlast ved ljosgloben, og går saman inn i Barnas kapell. Dei gongane det er dåp eller nattverd i gudstenesta, kan det vere aktuelt at borna er med på dette ved at sundagsskulen startar

etter dåpshandlinga og avsluttast før nattverden.

Ei økt kan mellom anna innehalde velkomst/avslutning, song, bøn, andakt, teikning, forming, leik bak kyrkja osv. Faste ledd vil skape gjenkjenning og tryggleik. I tillegg til sundagsskule under gudstenestene, kan Barnas kapell nyttast til konfirmantundervisning, anna trusopplæringstiltak, skulebesøk, forbønsrom, skrifte og sjelesorg m.m. Altså, eit rom for Guds born i alle aldrar.

På mange måtar kan ein sjå Barnas kapell som eit verdig lyft av dåpssakristiet, fram mot den nærståande hundreårsfeiringa av kyrkja i 2016. Etter alt det soknepresten kan sjå, er det ikkje maken til Barnas kapell i heile Telemark, knapt i heile bispedømmet vårt. Gratulerer!

Torstein Eidem Nordal

## Gullkonfirmantfest

Annakvart år inviterer sokneråda i Kviteseid til gullkonfirmantfest for å mimra om konfirmanttida for 50 år tilbake. Då vert det høve til treffa vener som ein kanskje elles sjeldan ser. I år er det berre konfirmantane frå 1964 som vert inviterte. I 1965 var det ingen konfirmasjon. Då vart det bestemt at konfirmasjonsalderen skulle vera 15 år - ikkje 14 år som det til då hadde vore vanleg. I løpet av denne våren vil dei som er fødte i 1950

få invitasjon til ei samling i Vrådal etter gudsteneste i Vrådal kyrkje den 25. oktober.

Soknerådet i Vrådal vil stå for festen og senda ut invitasjon til den einskilde. Der vil jubilentane få greie på når og kor festen skal vera. Det kan vera vanskeleg å finna adressene til alle det gjeld. Så vi vonar at jungeltelegrafan går slik at alle får greie på den aktuelle dagen. Vel møtt til ein triveleg fest.

Hadle Hovda

# Brev frå biskopen - om Fasteaksjonen 2015

Kirkens Nødhjelp er ein av våre diakonale organisasjonar. I 2014 var det mange som tok i eit ekstra tak både i fasteaksjonen og TV-aksjonen, og var med på eitt felles oppdrag: Å verkeleggjere Guds kjærleik i verda ved å fremje menneskeverdet og vern om skaparverket. Takk for at de gjev både tid og pengar til dette viktige arbeidet!

No er det snart fastetid. Det er ei tid i kyrkjeåret då vi kan kombinere bøn og kontemplasjon med engasjement for andre. I løpet av dei siste par åra har mange kyrkjelydar tatt i bruk Kirkens Nødhjelp sitt ressursmaterieill Regnbogebøn, i fastetida. Regnbogen er teikn på den vona som Gud gav Noah etter storflommen. I regnbogen er det sju fargar, og kyrkjelydsmaterieillet har bøner og opplegg til kvar av dei sju vekene, frå oskeonsdag til påskedag. Bruk dette når kyrkjelyden samlast både på kvardagar og sundagar!

I Matt 22, 39 kan vi lese «Du skal elska nesten din som deg sjølv». Relasjonen til nesten min handlar ikkje berre om menneska, skapt i Guds bilete, men om alt som Gud har skapt, og det Gud har gitt oss i oppdrag å forvalte. Vi veit at skaparverket trugast av klimaendringar skapt av mennesket. Konsekvensane av klimaendringane råker verdas fattigaste hardast. Det trugar

livsgrunnlaget vårt, og særleg trugast tilgongen på reint vatn. Kyrkjelydar over heile landet har allereie eit stort engasjement for klima og rettferd. Ved å delta i årets fasteaksjon, som handlar om nettopp klima og vatn, gjer kyrkjelydane ein ekstra innsats for dette. Konfirmantane er ryggraden i Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon – kvart år stiller meir enn 30 000 ungdomar opp og gjeng med bøsse i veka før påske. Det er imponerande! Vi er også glade for at det no har vorte vanleg at også konfirmantforeldre er med på denne aksjonen. For kyrkjelydane er fasteaksjonen også ei moglegheit til å bli betre kjend med konfirmantane og konfirmantforeldra. Vi vil difor oppfordre dykk til å gjere fasteaksjonen til heile kyrkjelydens aksjon. La det bli ein dag der heile kyrkjelyden er med. Inviter barnegruppa med foreldre, det kan føre til fellesskap på tvers av aldrar og gje konfirmantane moglegheit til å lære diakoni i praksis.

Med venleg helsing



Stein Reinertsen  
Biskop

# Prestens hjørne

Kanskje nokon hugsar ein hit frå 80-talet, av Gry Jannicke Jarlum, med tittelen "Svake mennesker". Den gjekk slik: "Svake menneske, du svake menneske, hvorfor er du så svak, hvorfor er du så svak." Ein artig (og merkeleg) song er det. Men Jannicke hadde eit poeng. Vi menneske har våre veikskapar, og vi har lett for å bli fanga i avhengigheit og dårlege vanar. Eg trur dette er ei særleg stor utfordring i vår tid, som det er så mykje vekt på fridom for den einskilde. Men eg trur det er viktig å vere klar over at denne store fridomen også gjer oss meir sårbare.

Eg skal ta nokre døme. Tenk på godtehyllene i butikkane, som i dei siste åra har auka, og som no mest bugnar over. Sjokolade og smågodt er veldig godt, men kan også fort bli usunt. Og det skaper avhengigheit og "søtsug" i kroppen. Eller: Tenk på internett og smarttelefonar. Aftenposten fortalte nyleg at folk med smarttelefon sjekkar nettet 150 gonger om dagen. Det er lett å bli "hekta", og å bli sliten i kropp og hovud.

Eller: Tenk på den enkle tilgangen til porno, via internett. Som menneske har vi djupe og gode behov for intimitet og kroppskontakt og seksuell utfalding. Det er difor det også er så lett å bli avhengig av porno, og kan vere så vanskeleg å bli fri frå det. Men porno kan skape usunne ideal, og avstand mellom partnerar og andre. Eller: Tenk på alkohol. Varden-redaktør Lars Kittilsen stod fram for



litt over eit år sidan og fortalte om sin kamp med alkoholen. Han peika på at det er mykje drikkepress i dagens samfunn, anten på fest hjå vener, i taxfreebutikker, på "fredagspilsen" med jobben, eller det årlege jolebordet.

Alt dette kan sjåast som gode gåver, som kan høyre med i eit sunt og godt menneskeliv. Men dei treng å forvaltast ansvarleg, innanfor sunne rammer - elles kan dei bli til stor skade. Eg trur éin viktig nykjel her, er gode fellesskap, der ein kan få hjelp til å leve sunt. Det kan vere ein familie som støttar og har gode haldningar. Det kan vere ein vennegjeng der ein kan dele frå livet sitt slik som ein er, og kan vise omsorg for kvarandre. Det kan vere ein arbeidsplass eller ei foreining, der ein deler fellesskap og kan utfalde seg i gjevande aktivitetar.

Som prest tenker eg også særleg på kyrkjelydsfellesskapet. Her må det vere rom for dei som slit med avhengigheit og med ulike vanskar i livet (og kven gjer vel ikkje det??) Kyrkjelydsfellesskapet skulle vere prega av velvilje og nestekjærleik, slik Jesus lærte. Ein god tommelfingerregel her er at kyrkjelyden skal vere ein fellesskap der det alltid er trygt og godt å vere for born.



Meir himmel på jorda

- Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus

(Frå Den norske kyrkja sitt visjonsdokument 2015–2018)

## Døyppte

Vrådal: Frigg Wardenær.  
Eira Wraa Tønnessen.

Fjågesund: Halvard Gravir.

Kviteseid: Andrea Breidalen.

Brunkeberg: Andres Jovsset Hætta.

Kilen: Kåre Olav Inderdal  
Kvande.

Kviteseid: Hervør Lid.  
Aase Brataas Sundet.  
Aage Sudbø.  
Kjetil Snaunes.

Brunkeberg: Gunnar B. Råmunddal.  
Gunnar T. Råmunddal.  
Tarald M. Moen.  
Laila Gjersund.  
Torleif Olav Omtveit.

## Gravlagde

Vrådal: Tjodvor Straumsnes.  
Karl Johan Lunde.  
Torhild Sofie Teigen.  
Signe Åsheim.

(gudstenelista fortsett frå side 16)

### JUNI

**Sun. 7.** 2. s. i treeiningstida Sal 67,2-6  
Kviteseid kl. 11. Torstein Nordal. Oftr. Kristent  
Interkulturelt Arbeid (KIA).  
Sundagsskule.

**Sun. 14.** 3. s. i treeiningstida Joh 1,35-51  
Kviteseid kl. 11. Torstein Nordal.  
gamle kyrkje Oftr. NestenPresten.

**Sun. 21.** 4. s. i treeiningstida Matt 16,24-27  
Kviteseid kl. 11. Torstein Nordal.  
Familiegudsteneste. Grilling på  
kyrkjebakken. Presentasjon av  
konfirmantkullet 2015/2016.  
Oftr. Skjærgårds Music and Mission  
Festival

**Sun. 28.** 5. s. i treeiningstida Matt 7,21-29  
Undeberge kl. 16. Friluftsgudsteneste. Kyrkjekaffi.  
i Fjågesund

# Oppslagstavla

## Skyss til gudsteneste?

Kviteseid

Ring Hadle og Ragnhild på  
tlf. 350 53 784.

## Formiddagstreff på Misjonshuset kl.11:

onsdag 25. februar

onsdag 25. mars

onsdag 29. april

Skyss? Ring Marta Bakken 97013661

## Pilegrimsmesse i Brunkeberg kyrkje

I samarbeid med kyrkja i Seljord inviterer me til sesongstart på vandringa frå Seljord, over Brunkeberg og Morgedal, til Røldal. 26.april kan du vere med å vandre frå Seljord til Brunkeberg. Prostidiakonen, sokneprestane og biskopen er med på den omlag fire timars vandringa med både kulturhistoriske og trusrelaterte inntrykk. Ta med det du treng av mat, drikke og klede og bli med! Brunkeberg sokneråd stiller med mat ved Brunkeberg kyrkje og pilegrimsmesse.

## Sundagsskule i Barnas kapell

Under gudstenester i Kviteseid kyrkje vil endeleg borna få eit eige tilbod! Anne Margrethe Lund, Svanhild Fidjeland og Anne Ruth Syrtveit Mikalsen vil på omgang gje borna sundagsskule, med mellom anna song, bøn, forteljing og aktivitetar. Sjå gudstenestelista for dei aktuelle datoane.

## Nattverdsbrød frå Skreppa

Biskopen har motteke søknad frå Brunkeberg sokneråd om å få nytte flatbrød frå Skreppa som nattverdsbrød i Brunkeberg kyrkje. Om biskopen stiller seg positive til forslaget, vert det lokalt morgedalsbrau under nattverden skjærtorsdag 2.april og pilegrimsmesse 26.april.

## Fasteaksjonen

Ettermiddagen tysdag 24. mars arrangerast den årlege fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp. 40 000 bøsseberarar over heile landet tek del i denne aksjonen. Her i Kviteseid kommune vil konfirmantane våre kome rundt med bøsser. I år går pengane til reint vatn for fattige menneske. 200 kroner kan gje eitt menneske varig tilgang til reint vatn. Vi håpar at de vil ta venleg imot konfirmantane, og at de også kan tenke dykk å vere med og støtte Kirkens Nødhjelp sitt arbeid!

## Småbarnstreff på Misjonshuset

Me har fått hint om at babysong kunne vore populært for enkelte (beste)fedre og (beste)mødre med småborn heime. I samarbeid med Misjonshuset inviterer me nå til Småbarnstreff med babysong annakvar torsdag frå kl.10 - 13 i oddetalsveker: 26.februar; 12.mars; 26.mars; 9.april; 23.april. Ta med deg born og niste til deg sjølv og barnet. Kaffi og te serverast. Velkommen til eit triveleg fellesskap! Ellen Eggebø Jore er koordinator for tilbodet, og spørsmål kan sendast til ho på [treff@kyrkjetrappa.no](mailto:treff@kyrkjetrappa.no)

Returadresse:  
**Kyrkjekontoret**  
**3850 Kviteseid**

# Gudstenester

## MARS

- Sun. 1.** 2. s. i fastetida Luk 7,36-50  
Kviteseid kl. 19.30. Hallvard Jørgensen. Taizé.  
Nattverd. Oftr. Dei fire diakoniinstitusjonane. Kyrkjekoret.
- Sun. 8.** 3. s. i fastetida Ef 6,10-18  
Kviteseid kl. 11. Hallvard Jørgensen. Oftr. Russeprosjektet i Elfenbeinskysten. Sundagsskule.

- Sun. 15.** 4. s. i fastetida Joh 3,11-16  
Kviteseid kl. 19.30. Torstein Nordal med gjestar.  
Samtalekveld. Oftr. Menneskeverd.

- Sun. 22.** Maria bodskapsdag Luk 1,46-55  
Morgedal kl. 11. Torstein Nordal. Oftr. Kyrkjelyds-  
Grendehus arbeidet. Unge Røyster. Fasteaksjonen.

- Sun. 29.** Palmesundag Matt 26,6-13  
Vrådal kl. 11. Øyvind Jørgensen.

## APRIL

- Tors. 2.** Skirtorsdag Luk 22,14-23  
Brunkeberg kl. 11. Torstein Nordal. Nattverd.  
Nattverdsbrød frå Skreppa.  
Oftr. Strømmestiftelsen.
- Fjågesund kl. 18. Torstein Nordal. Nattverd.

- Fre. 3.** Langfredag Mark 14,26-15,37  
Kviteseid kl. 11. Hallvard Jørgensen. Kyrkjekoret.  
Oftr. Blå Kors

- Sun. 5.** Påskedag Matt 28,1-10  
Kviteseid kl. 11. Torstein Nordal. Nattverd.  
Kyrkjekoret. Oftr. MF
- Vrådal kl. 11. Hallvard Jørgensen. Nattverd.

- Mån. 6.** 2. påskedag Luk 24,36-45  
Vesterdal kl. 12. Hallvard Jørgensen.  
i Dalane Friluftsgudsteneste. Oftr. Kyrkjelyds-  
arbeidet

- Sun. 12.** 2. s. i påsketida Joh 21,15-19  
Kviteseid kl. 19. Hallvard Jørgensen.  
Oftr. NLA Høgskolen. Sundagsskule.

- Sun. 19.** 3. s. i påsketida Joh 10,1-10  
Kviteseid kl. 11. Torstein Nordal. Familieguds-  
teneste. Nattverd med bønnevandring.  
Unge Røyster. Oftr. Rachel Trovis arbeid

- Sun. 26.** 4. s. i påsketida Jes 43,16-21  
Brunkeberg kl. 16. Pilegrimsmesse. Nattverd.  
Vandring frå Seljord etter messe kl. 11.  
Biskop Stein Reinertsen, Torstein Nordal  
og Eilev Erikstein. Kyrkjekoret. Oftr. Vest-  
Telemark Familiekontor. Kyrkjekaffi.

## MAI

- Fre. 1.** 1. mai Luk 14, 12-14  
KOS kl. 11. Torstein Nordal og Eilev Erikstein.  
Oftr. Sjømannskyrkja

- Sun. 3.** 5. s. i påsketida Luk 13,18-21  
Kviteseid kl. 11. Hallvard Jørgensen. Samtale-  
gudsteneste med konfirmantane  
Oftr. Skaperkraft. Sundagsskule.

- Sun. 10.** 6. s. i påsketida Matt 7,7-12  
Kviteseid kl. 11. Godhetsgudsteneste.  
brygge Fellesgudsteneste med Betel og Fredheim.  
Avslutning av Godhetsfestivalen. Torstein  
Nordal og Rolf Inge Johansen. Kyrkjekaffi  
hos familien Bentsen.

- Sun. 17.** 17. mai Matt 22,17-22  
Kviteseid kl. 11. Torstein Nordal.  
Oftr. Kirkens SOS Telemark. Barnegospel.
- Vrådal kl. 11. Hallvard Jørgensen.  
Fjågesund kl. 12.30. Torstein Nordal.  
Brunkeberg kl. 13.45. Hallvard Jørgensen.  
Oftr. Kirkens SOS Telemark

- Sun. 24.** Pinsedag Joh 14,15-21  
Kviteseid kl. 11. Torstein Nordal. Konfirmasjons-  
gudsteneste. Oftr. Barne- og ungdomsarb.
- Vrådal kl. 11. Hallvard Jørgensen.  
Konfirmasjonsgudsteneste

- Sun. 31.** Treeiningssundag Luk 10,21-24  
Brunkeberg kl. 11. Torstein Nordal. Konfirmasjons-  
gudsteneste. Oftr. Kyrkjelydsarbeidet
- Fjågesund kl. 11. Hallvard Jørgensen.  
Konfirmasjonsgudsteneste

(gudstenestelista fortsett side 14)